

Fitjar Fjellsameige

Protokoll - Årsmøte 2023

Dato: 30.03.2023 19.30

Sted: Kulturhuset

Opning av møte

Opning av møte ved styreleiar Lars Ove Rimmereid, og opptak av fortegnelse over møtande/ deltakande sameigarar, og antal fullmakter.

Det har vore ope for eigarane frå kl 13.00 til kl 19.00 på hotellet sin komlebuffet. Dette har vore eit så populært tiltak at hotellet gjekk tom for komler.

Lars Ove lova dei som ikkje fekk middag i dag å få seg komlemiddag på hotellet for fjellsameiga sin rekning evt neste torsdag.

Svein Soleng frå Fitjar Kommune har eit kort innlegg om prosjekta kommunen har på gong ang solkraft. Kommunen har dialog med solkraftfirmaet Endra. Dei er på jakt etter område for solparker, større områder utan konflikt.

Dei ynskjer f eks samdrift med bønder om mindre anlegg på beitemark område i Aarskog har vore aktuelle og området ved Svartasmoget.

Det er to tenkte senarie for fjellsameiga; i området over Olstjørna eller rundt vindmøllene der det allereie er grusa, men her er det ein risiko for iskast og skygge.

Han opnar for spørsmål, ingen spørsmål

Lars Ove informerer om idrettslaget sin plan om terrengsykkelbane dette er eit kostbart prosjekt

Frisbeegolfbanen vil komma i omtrent samme området dei har fått beskjed om å halda seg eit stykkje frå vegen. Dette prosjektet er so og sei klart til start.

Sak 1: Godkjenning av innkalling, dagsorden og fullmakter

Vedtak

Godkjent innkalling. Reidar seier at kommunen si innkalling ligg open for alle på kommunen si postliste. Godkjent dagsorden.

Godkjent bruk representert 40.
med 6 fullmakter. Lars Ove les opp fullmaktene, ingen merknader.

Årsmøter stiller med 29,84% av eigarandelen.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 2: Val av møteleiar og referent

Vedtak

John Karsten Raunholm blir valgt som møteleiar.
Tone Koløen blir valgt som referent.
Teljekorps: Svein Soleng, Halvor Rimmereid og Ole Sandvik.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 3: Val av to personar til å skrive under protokollen

Vedtak

Sak 3: Helga Rimmereid og Johannes Nesse blir valgt til å skriva under møte protokollen, saman med leiaren.
Vedtaket var enstemmig.

Sak 4: Styret si årsmelding for 2022

John Karsten gjev ordet til styreleiar for gjennomgang av styret si årsmelding. Lars Ove les gjennom årsmeldinga.

Gunnar Kleive Opplysningsvesenets fond. lurer på kvifor ikkje dei summene som vert sett i fond heller vert utbetalt til eigarane? Evt brukte til å plante skog? dette er ei investering som staten tek 50 % av kostnadene til.

Lars Ove takkar for innspelet. han seier at dei pengane som er sett i fond ikkje kan utbetalast til eigarane i fylgje vedtektene, men me har lov å planta skog for dei. nokre plassar er det aktuellt, men f eks i vindparken er det ikkje aktuellt å planta skog.

Reidar vil kommentera dette med meir utbetaling til eigarane.

Gunnar Kleive svarar at det er ein del stader som kunne vore tilplanta.

Harald Rydland har ein kommentar til jaktresultata ang småvilt for 2022 han tenkjer at sidan jakta er utvida til ut februar så er det ikkje sikkert alle resultata er kommen til rette.

Saka om Rimbareid kraftverk: Her vil gjerne Lars Ove ha innspel til styre om meiningar om me skal forhandla avtalen no eller venta.

Vedtak

Årsmøtet sluttar seg til styret si årsmelding for 2022.

Med flg kommentarar/Merknader:

Vedtaket var enstemmig.

Sak 5: Årsrekneskap for 2022 med revisjonsmelding og disponering av overskot

Lars Ove viser rekneskapet og opnar for kommentarar.

Harald har eit lite spørsmål: Er grindabygget forsikra? med tanke på den vesle brannen som var forrige helg, det er det ikkje svarar Lars Ove, dette vil me vurderer i styret. Han spøkjer med at det ikkje er så farleg om det skulle brenna ned sidan me har flinke snikrar i laget i tillegg til at me har teikningane liggjande.

Revisormeldingane vert lesne opp. me har både eigne revisorar i laget i tillegg til ekstern revisor.

Nils Andreas Brekke les opp meldinga frå alle revisorane. meldinga til KPMG samsvarar med meldinga til våre revisorar.

Vedtak

1. Årsmøtet godkjenner rekneskapet for 2022 slik det ligg føre, med eit overskot på kr. 4 956 116,-.
2. Årsmøtet går inn for at overskotet vert disponert slik at kr. 0,- vert overført til driftsfondet, kr. 1 546 308,- vert overført til tiltaksfondet, og at resten, kr. 3 409 808,-, vert utbetalt til sameigarane.
3. Årsmøte sluttar seg til at det kan trekkjast kr. 254 875,- frå tiltaksfondet for å finansiera dei tiltaka som er lista opp i rekneskapet.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 6: Budsjett for 2023

Lars Ove går gjennom budsjettet slik me har sett det opp i styret.

Reidar seier at kloppane som skal leggjast ut må lagast i eit bestandig materiale. Lars Ove svarar at me vil helst ikkje nytta impregnerte materialar.

Han opnar for innspel til budsjettet.

Ingmund Bjordal har eit spørsmål om sykkelløypa: den kosta 2000 kroner meteren. dersom fjellsameiga bevilgar 50 000,- vert det nok til 30 meter, kva er det som er tenkt?

Lars Ove svarar at idrettslaget har søkt midlar frå andre aktørar i tillegg til oss. Det er ikkje meininga at me skal betala heila løypa.

Harald Rydland: Han trur ikkje dei vil byrja bygging i år, no er dei mest på planleggingsstadiet. så summen er nok stor nok. det viktigaste er at me viser at me er positivt til sykkelløypa.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til budsjett for 2023.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 7: Investere kapital i Fond.

Lars Ove informerer at me i styret yngste å ta det opp i årsmøtet i staden for å leggja det inn i budsjettet. Dersom me investerer 1 million til har me 2/3 i fond.

John Karsten kommenterer: når ein har eigne pengar spelar ein på eigne premisser. Dette gjeld andre sine pengar. Historien visar at det har vore ein auke i fond dei siste åra, me veit ikkje kva som skjer i framtida, men han vil støtta syret i dette.

Harald Rydland: han vil ikkje snakka styret sitt vedtak ned det står i tiltaksfondet at styret skal kunna bruka pengane når ein vil, dette må ein kunna nytta seg av sjølv om ein set pengane i fond. dersom ein investerer i skog vil ein ikkje kunna nytta seg av pengane når ein vil.

Gunnar Kleive seier at han ikkje hadde meint at alle pengane skulle investerast i skog, men som sagt så vert 50% dekkja av staten.

Reidar Kloster seier at me må hugsa på at fjellsameiga skal ivareta beiteinteressene, det vert ikkje ivareteke dersom det vert planta masse skog.

Vedtak

Årsmøtet rår styret til å investere nye 1 million kroner i fonds med moderat til høy risiko, i 2023.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 8: Bruk av ekstern Revisor

Lars Ove seier at me hadde ikkje fått revisormeldinga når årsmøtepapira vart sendt ut, då me fekk meldinga såg den ut som forventa. Han meiner me skal gå for avtale med ekstern revisor, det er ikkje sikkert det er så lett å få medlemmar i laget til å stilla som revisor i framtida. Ingen kommentarar.

Vedtak

Årsmøtet gir styret fullmakt til å teikna avtale med ein autorisert revisor.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 9: Styret sin arbeidsplan for 2023

Lars Ove les opp styret sin arbeidsplan.

Det manglar eit punkt ang styreverktøyet bård som me har teke i bruk dette året. Dette lettar styrearbeidet særleg no som Angunn på Tveit har pensjonert seg.

Frode Kloster kommenterer at me må passa på at sykkelløypa eller frisbeegolfbane ikkje kjem i vegen for feltstevnet til skytterlaget.

John Karsten takkar for godt innspel.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner styrets arbeidsplan for 2023.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 10: Fastsetjing av godtgjersle til styret og andre tillitsvalde for 2023

Leiaren i valnemnda Tore Sigurd Fitjar er ikkje til stades. Difor les John Karsten opp innstillinga til valnemnda, han opnar for kommentarar.

Lars Ove har eit spørsmål til valnemnda, det står at godtgjersla gjeld frå dagens dato. er det då sånn å forstå at revisorane skal få godtgjersle som gjalt i fjor?

Reidar meiner at det må vera for året.

Vedtak

Godtgjørsle til tillitsvalgte.fom. 30.3.2023.

Leiar: Fast godtgjersle kr: 25.000,- + møtegodtgjersle på møter.

Sekretær:Fast godtgjørslekr: 12.500,- + møtegodtgjersle på møte.

Møter på kveld: kr:700,- pr møte for styret og evt. Varafolk.(gjeld ikkje fellesmøter i laget)

Møter på dagtid:kr:400,- pr. time.

Revisor: Fastbeløp kr: 1.200,- pr. år.pr. revisor.

Valgnemd/personar som arbeider for laget kr: 400,- pr. time.

Vedtaket var enstemmig.

Sak 11: Val av tillitsvalde i tråd med vedtektene

John Karsten går gjennom valet, ingen ynskjer å stemma ved skyld, valnemnda si innstilling vert einstemmig vedteken.

Vedtak

Val av styre:

Val av leiar: Lars Ove Rimmereid. Attval eit år.

Val av styremedlemmer: Kristian Skumsnes. Attval 2 år.

: Tone Koløen Attval 2 år.

Terje Torland og Karl Andre Rydland er på val i 2024

Vara Styret: 1. vara: Inge Andreas Waage. (1 år, attval)

2.vara: Raket Saghaug (1 år, ny)

3.vara: Joakim Hellen Strand. (1 år , attval)

Revisorar:Nils Magne Skumsnes ,attval 2 år.

Nils Andreas Brekke,på val i 2024.

Vararevisorar:Ole Sandvik ,attval for 2 år.

Kristen Rydland på val i 2024.

Valnemd : Oddvar de Fine.Leiar eit år.

Reidar Kloster. 2 år.

John Karsten Raunholm. Ny,velges for 3 år.

John Karsten gjev ordet til Lars Ove, som takkar for tilliten for seg og styret.

Han ber varamedlemmane som er vald inn om å reisa seg.

Han har fått nokre spørsmål ang skatt for pengane som vert utbetalt til eigarane.

Lars Ove takkar for frammøte og ynskjer vel heim.

Vedtaket var enstemmig.

Dette dokumentet er signert av:

Helga Rimmereid

20.01.1970

Signert: 20.04.2023 12.31

Signert med BankID

Lars Ove Rimmereid

12.02.1968

Signert: 12.04.2023 12.51

Signert med BankID

Johannes Nesse

06.02.1946

Signert: 12.04.2023 08.52

Signert med BankID

Du kan bruke denne linken for å verifisere signaturen på dokumentet og sjekke at dokumentet ikke er endret etter at det ble signert: <https://brd.no/signing/validate>

